



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre

Møtestad: Teams

Dato: 01.09.2025

Tidspunkt: 09:00 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Aga Haug	Medlem	Ullensvang kommune
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune
Vegard Bjørnevik	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn
Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 35/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 36/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 37/25	Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - sauesank - Etne kommune - 104/1		2025/12360
ST 38/25	Referatsaker		
RS 15/25	Kopi - Anmodning om fristutsettelse - pålegg om retting av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierda		2022/11690
RS 16/25	Invitasjon til bretur med ungdomsråda - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
RS 17/25	Avtale prosjekt innfallsport Bondhusdalen - Folgefonna nasjonalparkstyre 2025		2024/16502
ST 39/25	Delegerte saker		
DS 20/25	Vedtak - Løyve til frakt av saltstein med helikopter - Folgefonna nasjonalpark - Guddalsdalen sankegruppe		2025/10218
DS 21/25	Motorferdsel - Folgefonna nasjonalparkstyre - Bondhusdalen landskapsvernområde - forsyninger til hytter og støler - atv - Stig Fredheim		2025/12683
DS 22/25	Endring av tidsrom for løyve - Motorferdsel med helikopter i Buer landskapsvernområde i samband med TV-produksjon - Folgefonna nasjonalparkstyre		2025/9641
DS 23/25	Oppdatert løyve til droneflyging - Sauanutvatnet - Folgefonna nasjonalpark		2025/9337
DS 24/25	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopterflyging - sau i skårfeste - Hans Einar Guddal		2025/11012
DS 25/25	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - løyve til helikopterflyging for prøvetaking - UiB		2025/11045
DS 26/25	Avslag på søknad - persontransport med helikopter - Folgefonna nasjonalpark - Valestrand beitelag		2025/8893
DS 27/25	Forlenging av løyve - motorferdsel til Hjortedalen med helikopter - Folgefonna nasjonalpark - Valestrand Beitelag		2025/8893
DS 28/25	Løyve - delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikoptertransport - Fonnabu turisthytte - Bergen og Hordaland turlag		2025/12160
DS 29/25	Vedtak - Motorferdsel med helikopter for tilsyn og reparasjon av basestasjonar - Folgefonna nasjonalpark - Vestland Bjøllelag		2025/9642

ST 35/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.09.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjent.

ST 36/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.09.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Roald Aga Haug vart vald til å signere protokoll saman med styreleiar.

ST 37/25 Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - sauesank - Etne kommune - 104/1

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.09.2025

Handsaming i møte

Styret ønskjer å støtte aktivt beitebruk i nasjonalparken. Det er viktig med beitedyr i nasjonalparken og styret ser at søkjar har ein omfattande drift med sau i eit særskilt krevjande terreng med store avstander, som gjer arbeidet med sauesank krevjande. Styret ønskjer framleis å ha ein restriktiv praksis på persontransport, men vil gi løyve i dette høvet for å lette drifta.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Kjetil Riise løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.09 – 15.12.2025
- Løyvet gjeld for transport av sankelag i samband med sauesanking
- Løyvet gjeld for inntil tre turar til Sandvikekjeften/Sauabreen
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år Merk med referanse: 2025/12360. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.

ST 38/25 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.09.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Referatsakene vert teke til orientering.

Tillegg

- Studietur 2026, Astrid og Sigrid ser på moglege løysingar.
- Forskriftsendring Hattebergsdalen: Astrid skriv utkast til brev til departementet
- Forvaltningsplan: Astrid lagar opplegg for innspelsmøte til forvaltningsplanen.
- Tiltaksmidlar: Prøver eit siste kast for å få brukt opp midlar til stirestauring.

ST 39/25 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.09.2025

Handsaming i møte

Vedtak

Delegerte saker vert teke til vitande.